



**Sakshandsamar:**

Torbjørn Hasund  
E-post: torbjorn.hasund@sfj.no  
Tlf: 57 65 62 73

**Vår ref.**

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

**Dykkar ref.**

## Referat planforum - Pilotprosjekt Reed.

**1. oktober 2014**

Presentasjon og møte i gymsalen til Breim barnehage

**Referent:** Torbjørn Hasund

---

Møtte: Beate Kornberg, Bjørn Aurlien, Jan Kjetil Øygard - Gloppen kommune, Alana Shanks – Statens vegvesen, Toralf Otnes - NVE, Gunn Tove Nyheim – FM miljøvern, Siri Lund – Nordkart, Eivind Helleland – Nordfjord Jordskifterett, Berit Gjerland, Knut Åland – FK KA, Mona Steinsland, Trond Sundby, Torbjørn Hasund – FK PSA

Sundby introduserte og let Bjørn Aurlien seie kort om tidlegare reguleringsarbeid. Det har tidlegare vore gjort reguleringsarbeid med Reedfjæra. På grunn av merknader, vart det oppretta kontakt med fylkeskommunen om vegen vidare.

### Naturfagleg bakgrunn

Steinsland informerte om arbeidet. Mål for arbeidet har vore å leggje til rette eit konsept for vidare planlegging, med bakgrunn i eksisterande natur- og kulturgjevne forhold. Av det som var nemnt var klima, landskap, bonitet, vegetasjon, kulturlandskap, kulturmiljø og kulturminne. Felles naturverdiar i området er vatn elv, dal, sørvendt dalside og fjell.

### Historisk bakgrunn

Skildra historiske Reed. Av det som var nemnt var kulturverdiar som kulturlandskap, kulturmiljø og kulturminne og historisk eigedomsstruktur. Også høgdekoter, moglegheit for bygging, busettingsmønster i dag, kommunikasjon og verneområde. Helleland – omgrepet allmenne veger, krev nøyare diskusjon og vil dukke opp som problemstillingar i plansak. Allmenningane var knytte til gardane, og allmenningsomgrepet vart oppfatta meir avgrensande då enn vi gjer i dag. Det er eksempel på allmenne veger som eigentleg er vekke. Kanskje kan rettsutgreiing for Reed verre ei løysing, altså ein gjennomgang av slike allmenningsrettar. Nokon må i tilfelle då ha eit rettsleg mandat til å representere desse rettane.

Gjerland - fylte ut med kommentar til utskiftingskartet og dei markerte fe-gatene. Om tidsdimensjon og strukturar i eldre jordbrukssamfunn, jernaldergardane. Jordbruk frå 4000 år attende. Også om eldre tiders vegar og Reed som knutepunkt mellom fjord og fjell som ferdslvegar. Reedfjæra som landingsplass, tingplass og kyrkje knytt til denne

ferdselsstrukturen. Helleland - Reedteina (ei av dei rosa stripene) er i dag «slakta» og eigd av eit fåtal bønder. Strukturen ligg ikkje slik i dag. Og i dette tilfellet er allmenningen knytt til jordbruk som fe-føring for eit fåtal gardar. Allmenningane er no knytt opp til noverande landbruk. Åland - strukturane ligg her fordi fjøra var eigna som landingsplass for båtar. Grunnen og retten til den Trondheimske Postevegen er i dag eigd av Statens vegvesen.

### **Presentasjon av skisse til pilot**

Steinsland informerte om medverknad i arbeidet. Fire dagar med Ope kontor; 8. juli og 31. oktober i 2013 og 28. april og 19. juni i 2014. Ho viste analyser for kva ein ser frå ulike punkt rundt om i bygda. Desse ligg på Facebook-sida til Pilot Reed. Også plansjane «Spreidd bustadbygging i Breimsdalen» og «Skisse til plan for Reed sentrum» vart vist. Desse er lagt ut på [www.plannett.no](http://www.plannett.no) under Planforum 2014.

Åland – eksisterande kommunal veg parallelt med E 39 og mellom Reed sentrum og vegen ned til barnehagen er Den Trondhjemske postveg.

Otnes – Grova frå Teina og ned til vatnet og som i store delar på dette strekket er lagt i røyr. Kan vurdere om det er mogleg å opne den igjen.

- **Synfaring**

Kyrkjegarden frå middelalderen og tinghaugen. Naturformasjon. Utandørs tingsete. Diskusjon om relasjon mellom kulturuttrykk og natur.

- Badeplass og WC
- Passasje / fe-føring gjennom Teina. Tufta på historiske strukturar. Ide for bruk av området har vorte lufta i arbeidsverkstadane
- Stopp ved Coop og diskusjon om kryss og utvikling av sentrum på Reed. Utvikling av området og tilhøvet til vegen, inkludert kryssing vil verte ei sentral problemstilling ved vidare planarbeid. Strukturen i Reed sentrum må utviklast på tvers av retninga til E39, ikkje på langs. Busetnad langs paralellveg (kommunal veg / Trondhjemske postveg mellom sentrum og barnehagen
- Diskusjon om bruk av det gamle kommunehuset i Reed-fjøra.
- Fortetting i Reed-fjøra mellom fylkesveg, kommunal veg og vatnet kan vere ei løysing

### **Tilbake igjen i gymsalen**

#### 1) Korleis orientere og utvikle Reed sentrum mot nord og sør

Åland - gje viktig kulturmiljø (husgrupper) status i reguleringsplan som omsynssone kulturmiljø. Då får dei også ein planstatus som kan gje dei tilskot frå kulturminnefondet.

Aurlien - problemstilling også knytt til fylkesveg og tilhøvet til den, jf den raude / gule sona og bygging inn mot den. Shanks - vi må ta det vidare inn i konkret planarbeid.

Otnes – vassdrag og bekkar, sans for å ta utgangspunkt i vassvegar, og bruke dei som positive element. Vassvegen gjennom sentrum, potensiale for delvis opning, ved omforming av område t.d. sentrum Coop.

Gjerland – ho nemnde kommunen sitt arbeid med reguleringsplanar på Reed. Den gule og raude sona i skissa kryssar E-39; har dette vorte diskutert i tidlegare planarbeid?

Aurlien – løysinga vart sett på vent i høve løysing med E39. SSV og FK ventar på avgjerd om status på dagens E39, etter at det no er valt indre linje Byrkjelo - Innvik – Faleide på E39.

Aurlien – Reed og marknad, er det eit behov i næringslivet som vil gjere det aktuelt for kommunen å bygge opp nye sentrumsfunksjonar på Reed? Steinsland - det veit vi ikkje enno, og tanken er at det skal vere mogleg å opne gjennom seinare regplanarbeid. Øygaard - Reed er styrka gjennom at barnehagen er oppgradert, kommunen har satsa.

## 2. Korleis etablere ein natur og kulturallmenning

Gjerland, allmenningen er fin slik den ligg på skissa (gul og raud stripe). Ønskjer å utvide den. Knyte allmenningen til vassvegane. Ønskjer tydeleg samanheng mellom natur og det kulturhistoriske, og der enkeltelementa vet bundne saman slik at dei vert sett i større samanheng

Aurlien - utfordring i Jølet, og naturelement i det store og heile. Det er eit metningspunkt på dugnadsviljen, tiltak må knytast opp mot gulrot – utløysing av middel. Ønskjer å utfordre at løysingar vert konkretisert i arbeidet, ned på det praktiske nivået i piloten. Steinsland – vår oppgåve i piloten er å sjå samfunnssamanhengar og moglege overordna løysingar, ikkje praktiske val. Aurlien – iallfall peike på moglege løysingar. Sundby – nærmiljøområde under tippemidlane

Kornberg – har den raude og gule sona vore diskutert tidlegare under arbeidsverkstadane? Steinsland – ja, men den har vore annleis før. Kornberg - det vi registrerer frå kontakt med publikum er ønske om utvikling av allmenne funksjonar. Kommunen må finne ut om det er eit engasjement for allmenne løysingar i bygda

## 3) Korleis styrke og utvikle Reed fjøra som naustallmenning

Gjerland - kva er naustallmenning meint som her? Steinsland – todelt. 1. ålmenta må kunne gå i fjøra, og 2. kan det opnast for nye naust? Då må det i tilfelle gjerast i samspel med kultur- og naturverdiane i området.

Helleland - Mogleg å knyte føresegner opp mot jordskifte, jordskifte kan vere med å realisere slike planar

Gjerland – kva inneber naust i dag? Folk vil ha tilgang med bil for å drifte naustet. Ved eventuell fortetting må ein tenke biltilkomst. Mellom nausta og middelalderkyrkjegarden er det smal og lite eigna for veg. Er det andre stader eigna for naust på Reed. Det har vore ønskje om utbygging av naust vidare vestover, men dette planarbeidet har ikkje vorte vidareført, truleg grunna kostnader. Åland – problemstillinga kan løysast i plan gjennom føresegner.

Nyheim – om naust og vegar, støttar Gjerland, vi ser at naustområde utan veg, ofte vert etterfølgt av regulering /dispensasjon for veg. Mona – det vi kan gjere er å vise strandsona som strandsone, og ikkje leggje til rette for naust.

## Oppsummering

Steinsland – målet med Pilot Reed har vore å vise korleis ein kan nytte arealet med bakgrunn i eksisterande natur og kultur. Framdrifta framover vert å avslutte prosjektet, og gjere det tilgjengeleg for vidare bruk gjennom reguleringsplan.